



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, telefon
Britt Solheim, 55 57 23 34

Vår dato
18.10.2017
Deres dato
18.07.2017

Vår referanse
2017/5543 461.3
Deres referanse
Thomas Larsen

Goman Rognaldsen AS
Veråsvegen 234
5955 LINDÅS

Ny frist for tilbakemelding på retting av avvik innan 10. november 2017

Vi viser til tilsyn ved Gomann Rognaldsen AS 19. april 2017 og til inspeksjonsrapport nr. 2017.041.I.FMHO. Vi fekk tilbakemelding 18. juli 2017 og 16. august 2017. Vi viser også til synfaring 6. september 2017 som kom i stand på grunn av naboklager på støy frå verksemda og forureining i sjø utanfor eigedomen til verksemda.

Følgjande avvik blei avdekte under tilsynet:

Avvik 1: Verksemda har manglar ved internkontrollen sin for ytre miljø
Avvik 2: Verksemda sin lagring og levering av farleg avfall har manglar

Avvik 1

Avviket gjeld manglar ved risikovurdering og skriftlege rutinar. Risikovurderinga hadde få risikomoment for ytre miljø. Rutinar mangla mellom anna for substitusjon av kjemikal, drift og vedlikehald av feittavskilljar og verksemdas avfallshandtering.

Avvik 2

Avviket omfattar at sprayboksar er levert som restavfall, og at farleg avfall ikkje er lagra separat. Farleg avfall blir ikkje deklarerert i tråd med regelverket, via nettstaden avfallsdeklarering.no. Lysstoffrøyr er levert til avfallsmottak, men leveringa kunne ikkje dokumenterast ved tilsynet.

Fylkesmannens kommentarar til verksemdas tilbakemelding

Avvik 1

Tilbakemeldinga inneheld risikovurdering for drift av feittavskilljaren, men vurderinga manglar framleis fleire punkt som viser at verksemda er oppmerksom på korleis feittavskilljaren fungerer. Temperaturen på vatnet og kva for kjemikal som blir nytta og som blir tilført feittavskilljaren kan spille ein stor rolle for effekten av utskiljinga. Dette gjeld vatnet som blir tilført og ikkje berre ved tøming av tanken.

Avviket omfattar ytre miljø og verksemda må sjølv vurdere risiko for drifta. Fylkesmannen har berre vist til døme på nokre tema som mangla i risikovurderinga til verksemda. Andre tema som kan risikovurderast er risiko for utslepp til sjø, til dømes ved bruk av feittavskilljar. For å få oversikt over all risiko, må verksemda ha god kunnskap om korleis feittavskilljaren fungerer. Dette får ein ved å lage skriftlege rutinar for bruk, ved hjelp av brukardokumentasjonen som følgjer med feittavskilljaren.

Risikovurderinga manglar framleis for til dømes støy, lagring av farleg avfall, alle utslepp til luft og sjø og for avløspumpepestasjonen.

Avvik 2

Gomann Rognaldsen AS har sendt inn ei skriftleg prosedyre for korleis farleg avfall skal lagrast, leverast og deklarerast. Det er vist til at nettstaden avfallsdeklarering.no skal nyttast ved levering.

Rutine for handtering av farleg avfall må også innehalde kor ofte farleg avfall skal leverast.

Konklusjon:

Vi ber om ny tilbakemelding og denne bør omfatte:

Risikovurdering for:

- handtering av farleg avfall
- støy
- risikovurdering av alle utslepp til luft og sjø
- risikovurdering for avløspumpepestasjonen

Rutine for:

- vask av tankar for lagring av fløyte
- rutine for drift og tøming av feittavskilljar
- drift av avløspumpepestasjon

Rutine for handtering av farleg avfall må oppdaterast med kor ofte farleg avfall skal leverast.

Frist for ny tilbakemelding om retting av avvik er **10. november 2017**.

Vedtaket om ny frist for tilbakemelding er gjort etter § 49 i forureiningslova og kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre dagar etter at de har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 14. Ei eventuell klage bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Sissel Storebø
senioringeniør

Britt Solheim
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til: Lindås kommune